



## Notat

Dato: 15.09.2014  
Arkivsak: 2014/18050-5  
Saksbehandlar: anjsetr

---

**Til:** Snorre Waage  
**Frå:** Anja Nordvik Sætre

---

### **Innspel automatisk freda kulturminne - Offentleg ettersyn Områdeplan Valestrand Sentrum, Osterøy**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt for kulturminnevern.

Ang automatisk freda kulturminne

Vi viser til brev datert 31.1.13. Hordaland fylkeskommune har utført ei arkeologisk registrering i planområdet jf. §9 i kulturminnelova. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne.

Det er ikkje utført arkeologiske registreringar innanfor området som Osterøy kommune i e-post av 12.10.11 foreslo som ein omsynssone c rundt Bullaeigedommen, då føremålet med omsynssona er vern, jf. plan- og bygningslova §11-8c, §12-6 og §12-7 nr.6. Føresegna i planen må sikra at tiltak som kan vere skadeleg for mogleg uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje kan settast i gang i dette området.

Planføresegna viser til feil sosikode for omsynssone c, kulturmiljø. Det står rett i plankartet. Vi ber om at formuleringa under blir lagt til som føresegn knytt til punkt 7.8 Angitte hensynssoner – bevaring kulturmiljø :

*H570\_01 er sone med særlig bevaring av kulturmiljø, omsynssone c. Kulturmiljø og landskapsbilete knytt til Bullaeigedommen skal takast vare på. Det er ikkje utført arkeologiske undersøkingar etter §9 i kulturminnelova i område sett av til LNF – omsynssone c (H\_570). Nye tiltak innanfor omsynssona skal avklarast med Hordaland fylkeskommune som rette kulturminnemynde.*

Vi ber om at formuleringa under blir lagt til under 1. Generelle føresegn:

*Dersom det i samband med arbeid i marka eller i sjø kjem fram funn eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda må ein straks melde frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet, jf. meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.*

Kopi til:  
Jostein Aksdal  
Gunnbjørg Austrheim